

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/7179-17

Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule - oppfølging av vedtak i FT-sak 45/18

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek fylkesrådmannen sitt notat som viser at oppfølgingspunkta i fylkestinget sitt vedtak i sak 45/18 er gjennomført, til vitande
3. Kontrollutvalet vurderer med dette forvaltningsrevisjonen av utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule til å vere ferdig oppfølgt

Vedlegg:

- Notat m/vedlegg frå fylkesrådmannen datert 13. august 2019 – Status - Oppfølging av forvaltningsrevisjon – Utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule

Andre relevante dokument i saka:

- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon – Utdannings- og yrkesrådgjeving i vgs

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget behandla 4. desember 2018 rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdannings- og yrkesrådgjeving i vidaregåande skule i FT-sak 45/18.

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak:

1. *Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av utdanning og yrkesrådgjeving til etterretning*
2. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen:*
 1. *Sikre at det ved alle vidaregåande skular finst lett tilgjengeleg informasjon til elevane om når rådgjevarane er tilgjengelege, kvar dei er tilgjengelege og kva oppgåver dei kan hjelpe med.*
 2. *Sikre at terskelen for å søke rådgjeving vert lågast mogeleg til dømes gjennom tilbod om individuelle samtaler på initiativ frå rådgjevar.*
 3. *Vurdere korleis innspela frå elevane om forbetringar knytt til utdannings og yrkesretteiinga kan følgjast opp. Under dette:*
 - a. *om og eventuelt korleis det er mogleg å auke omfanget av arbeidspraksis i bedrift gjennom faget yrkesfagleg fordjuping*

